



FYLKESMANNEN I  
MØRE OG ROMSDAL

# ENDELEG TILSYNSRAPPORT

## SKULEN SITT ARBEID MED ELEVANE SITT PSYKOSOSIALE MILJØ

Smøla kommune – Nordsmøla skole

Arkivnr.: 2016/1731

Dato: 30.01.2017

Tilsynsteam: Kristin Øksenvåg, Nicolai Støren



## Innhald

Samandrag.....	3
1. Tema for tilsynet: Skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø.....	4
Opplæringslova § 13-10 om forsvarleg system og § 9a-4 om internkontroll .....	4
Kommunen sitt ansvar .....	4
Føremålet med tilsynet.....	4
2. Gjennomføring av tilsynet.....	5
Gangen i tilsynet .....	5
3. Fylkesmannen sine undersøkingar, vurderingar og konklusjonar .....	6
3.1 Førebyggjande og individuelt retta arbeid .....	6
3.1.1 Rettslege krav.....	6
3.1.2 Førebyggjande arbeid - Fylkesmannen sine undersøkingar og vurderingar ...	8
3.1.3 Fylkesmannen sin konklusjon .....	15
3.2 Individuelt retta arbeid - forvaltning av retten til å be om tiltak .....	16
3.2.1 Rettslege krav .....	16
3.2.2 Fylkesmannen sine undersøkingar og vurderingar .....	17
3.2.3 Fylkesmannen sin konklusjon .....	18
3.3 Brukarmedverknad - informasjon og forvaltning .....	18
3.3.1 Rettslege krav .....	18
3.3.2 Fylkesmannen sine undersøkingar og vurderingar .....	19
3.3.3 Fylkesmannen sin konklusjon .....	20
4. Frist for retting av lovbrøt .....	20
Elevane sitt psykososiale miljø: førebyggjande og individuelt retta arbeid.....	21
Elevane sitt psykososiale miljø: forvaltning av retten til å be om tiltak .....	22
5. Kommunen sin frist til å rette .....	22
Vedlegg 1    Oversyn over innsend dokumentasjon .....	23
Vedlegg 2    Oversyn over dei som er intervjuet .....	25



## Samandrag

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har ført tilsyn med Smøla kommune og Nordsmøla skole. Hovudregelen for tilsynet er opplæringslova § 9a-1. I dette tilsynet er det handlingar og internkontroll ved *skulen* knytt opp mot elevane sitt psykososiale miljø det blir ført tilsyn med. Kommunen som skuleeigar er likevel øvste ansvarleg for at elevane sine rettar etter kapittel 9a blir oppfylt. Det er kommunen som er ansvarleg for å oppfylle elevane sine rettar, sjølv om tilsynet har undersøkt handlingar som skjer i skolen.

Fylkesmannen har i tilsynet henta inn dokumentasjon og hatt intervju/samtaler med sentrale personar, sjå vedlegg.

Fylkesmannen fann lovbrøt knytt til skulen sitt systematiske og førebyggjande arbeid, dei tilsette si handlingsplikt, og kva informasjon/retteleiing skulen gjev til elevar og foreldre. Fylkesmannen har også vist til vekstpunkt i skulen sitt arbeid med brukarmedverknad.

Smøla kommune ved Nordsmøla skole har gitt tilbakemelding på Fylkesmannen sin førebelse rapport i brev av 23.9.16. Fylkesmannen har gjennomgått kommunen sine merknadar. Det går fram av rapporten der skolen sine innspel har ført til endringar.

Fylkesmannen finn det ikkje dokumentert at skulen har retta alle tilhøve som blei avdekt. Frist for retting går fram av denne tilsynsrapporten.

Dersom lovbrøt ikkje blir retta innan denne fristen, vil det bli fatta vedtak om pålegg om retting.



## **1. Tema for tilsynet: Skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø**

Temaet for tilsynet er skulen sitt arbeid med elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø, jf. opplæringslova (oppl.) kapittel 9a. Hovudregelen for tilsynet er § 9a-1. Dei andre reglane som er kontrollerte, må sjåast i lys av denne. Tilsynet er likevel avgrensa til berre å gjelde skulen sitt arbeid med det psykososiale miljøet, sjå § 9a-3.

Det rettslege utgangspunktet for tilsynet er delt inn i tre hovudkategoriar:

- Det førebyggjande arbeidet ved skulen - § 9a-4, jf. § 9a-3 første ledd.
- Det individuelt retta arbeidet ved skulen - § 9a-3 andre og tredje ledd.
- Skulen si plikt til samhandling med og involvering av ulike råd og utval - §§ 9a-5, 9a-6 og kapittel 11.

### **Opplæringslova § 13-10 om forsvarleg system og § 9a-4 om internkontroll**

Opplæringslova § 13-10 andre ledd er ein overordna regel som pålegg skuleeigar å ha eit forsvarleg system for oppfølging av alle lovkrav. I tidlegare tilsyn har det vore stort fokus på internkontrollsystemet i kommunane. Det er ikkje ført særskilt tilsyn med opplæringslova § 13-10 andre ledd i dette tilsynet. I det felles nasjonale tilsynet 2010-2013 var det internkontrollen ved kvar enkelt skule knytt til elevane sitt psykososiale miljø det blei ført tilsyn med. Kravet til internkontroll i samband med dette er særleg regulert i oppl. § 9a-4, jf. § 9a-3 første ledd. Dette tilsynet er bygd opp på same måte.

### **Kommunen sitt ansvar**

Oppfylginga av elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø skjer på skulen. Det er skuleleiinga og dei tilsette som i det daglege må arbeide for eit godt skulemiljø. Kommunen som skuleeigar er likevel øvste ansvarlege for at pliktene etter kapittel 9a blir oppfylt. Det er slik kommunen som er ansvarleg for oppfylging av elevane sine rettar, sjølv om det tilsynet har undersøkt handlingar som skjer i skulen. Kommunen er derfor adressat for pålegg om endring, sjå kommunelova § 60 d.

### **Føremålet med tilsynet**

Eit godt skulemiljø er ein viktig innsatsfaktor for ein god skule, og for realisering av føremålsparagrafen i opplæringslova § 1-1. Manglar ved skulemiljøet kan føre til at elevar ikkje trivst. Dette vil kunne innverke på læringsutbyttet deira.

Det overordna målet med tilsynet er styrking av elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø. Fylkesmannen gjer dette gjennom å rette fokuset mot og styrkje arbeidet med det psykososiale miljøet ved skulane. Vi vurderer skulane si evne til å førebyggje krenkjande åtferd, og handtere situasjonar som oppstår. Gjennom kontroll med om skulane følgjer lovkrava på dette feltet, skal eventuell praksis i strid med regelverket avdekkjast. Gjennom pålegg om endring skal slike forhold rettast opp.

I tilsynet kontrollerer Fylkesmannen:

- om elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø er oppfylt
- at skulen sitt førebyggjande arbeidet er aktivt og systematisk



- at skulen sitt individuelt retta arbeid tek i vare den enkelte sin rett til et godt psykososialt miljø
- at eventuelle vedtak skulen gjer er i samsvar med forvaltningsloven sine saksbehandlingsreglar
- at skulen tek i vare dei ulike organa sin rett til informasjon og medverknad

Fylkesmannen opna 15.03.2016 tilsyn med skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø ved Nordsmøla skole i Smøla kommune.

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir etterlevde, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Kommunen er derfor adressat for denne tilsynsrapporten.

I denne tilsynsrapporten er det fastsett frist for retting av lovbrøt som er avdekte under tilsynet. Fristen er 25.02.2017. Dersom lovbrøta ikkje er retta innan fristen, vil Fylkesmannen i Møre og Romsdal vedta pålegg om retting med heimel i kommunelova § 60 d. Eit eventuelt pålegg om retting vil ha status som enkeltvedtak og kan klagast på, jf. forvaltningslova kapittel VI.

**Fylkesmannen presiserer at tilsynsrapporten ikkje gir ei heilskapsvurdering av skuleeigaren og skulen. Rapporten omhandlar berre resultat knytt til det temaet som er valt for dette tilsynet.**

## 2. Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet har vore utført ved å hente inn og vurdere dokumentasjon og skriftlege utgreiingar, og munnlege opplysningar.

Det er skulen som etter lova pliktar å sikre at den enkelte eleven får oppfylt retten sin til eit godt psykososialt miljø, jf. § 9a-1 og § 9a-3 første ledd. Skulen vil her seie skuleeigar, skuleleiinga og dei tilsette ved skulen.

### Gangen i tilsynet

- Brev om opning av tilsyn 15.03.2016
- Frist for å sende inn dokumentasjon 15.04.2016
- Mottatt dokumentasjon og eigenvurdering 19.04.2016
- Brev om flytting av tilsynsdato 04.05.16
- Opningsmøte/tilsynsbesøk 23. og 24.05.2016
- Utsending av førebels rapport 12.07.2016
- Sluttmøte 30.08.2016
- Merknadar til førebels rapport dagsett 29.09.2016
- Utsending av endeleg rapport med førehandsvarsel om pålegg uke 5 2017
- Publisering av rapport på Fylkesmannen si heimeside uke 6 2017
- Eventuelt enkeltvedtak med frist for retting av pålegg uke 10 2017



### 3. Fylkesmannen sine undersøkingar, vurderingar og konklusjonar

Det blei informert nærare om dei rettslege krava og kva dei inneber i opningsmøtet 24.05.2016, og i sluttmøtet 30.8.2016. Fylkesmannen viser også til rundskrivet frå Utdanningsdirektoratet om elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø, Udir-2-2010.

#### 3.1 Førebyggjande og individuelt retta arbeid

##### 3.1.1 Rettslege krav

###### *Elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø*

Alle elevar har rett til eit godt psykososialt miljø som fremmar helse, trivsel og læring, jf. § 9a-1. Retten er individuell, og eleven sin subjektive oppleving av miljøet har avgjerande vekt. Eleven sin individuelle rett er ikkje oppfylt med mindre eleven sjølv opplever at skulemiljøet har ein tilfredsstillande verknad på si helse, trivsel og læring. Retten til eit godt psykososialt miljø inneber altså ikkje berre ein rett til fråvær av krenkingar, men også ein rett til å oppleve at det psykososiale miljøet aktivt fremmar eleven si helse, trivsel og læring. Skulen må sørge for at alle elevane ved skulen opplever at det psykososiale miljøet er godt. Lovkravet er ikkje stetta før alle elevene ved skulen opplever eit godt psykososialt miljø. Elevane har plikt til å opphalde seg i skulen kvar dag, og har ikkje like stor mulegheit som vaksne til å velje sitt miljø. I forarbeida til lova er det derfor lagt vekt på at skulen må gjere «sitt ytterste» for at opphaldet ikkje blir til skade for elevane, sjå Ot.prp.nr.72 2001-2002.

###### *Skulen si plikt til å jobbe systematisk og førebyggjande (internkontroll)*

Skulen må arbeide systematisk for å fremme eleven sitt psykososiale miljø, jf. §§ 9a-4 og 9a-3 første ledd. Det førebyggjande arbeidet skal vere aktivt, systematisk og kontinuerleg. Arbeidet må sjåast i samband med den overordna norma i § 9a-1 om eleven sin individuelle rett. Skulen skal jobbe etter eit «føre-var-prinsipp» og førebygge brot på eleven sin rett. Systemet må dekkje alle krava i kapittel 9a. Hensikta med dette arbeidet er å sikre at skulen heile tida jobbar for eit godt miljø. Slik kan ein sikre at problem blir oppdaga og tekne hand om i tide. Dette blir også kalla internkontrollreglar. Dei ulike fasane i arbeidet kan t.d. setjast opp slik:

Fase 1: Skulen må kartleggje situasjonen på skulen ut frå krava i kapittel 9a, m.v.

Fase 2: Skulen må fastsetje konkrete mål for skulemiljøet og skulemiljøarbeidet.

Fase 3: Skulen må utarbeide eit system for oppfølging av krava i kapittel 9a.

Fase 4: Leiinga ved skulen må implementere systemet blant dei tilsette.

Fase 5: Leiinga ved skulen må sikre at det faktiske skulemiljøarbeidet skjer kontinuerleg, aktivt og systematisk, og er i samsvar med systemet.

Fase 6: Leiinga ved skulen må jamleg evaluere skulen sitt system og det systematiske arbeidet.

Alle desse fasane er rettslege krav som skulen må oppfylle, jf. §9a-4. Skuleleiinga har ansvaret for den daglege oppfølginga av skulen sitt systematiske arbeid. Skulen må kunne sannsynleggjere at dei har eit system for internkontroll. Systemet må vise kva som skal gjerast, korleis det skal gjerast, kven som skal gjere det, når det skal gjerast og kva som faktisk blir gjort. Systemet må vere egna til å fange opp korleis elevane generelt, og den enkelte elev individuelt, opplever skulemiljøet. Vidare må ein omtale



korleis nødvendige tiltak blir sett inn dersom elevane generelt eller enkeltelevar individuelt ikkje får oppfylt retten sin etter § 9a-1. Systemet må evaluerast jamleg.

#### *Individuelt retta arbeid: dei tilsette si handlingsplikt*

Handlingsplikta gjelder alle som har tilsettingsforhold med skuleeigar. Dette inkluderer også lærarvikarar, og andre med mellombelse arbeidsavtalar. I tillegg til lærarar, tilsette som i skulefritidsordning og miljøarbeidarar, gjeld handlingsplikt også t.d. vaktmeister, reingjeringspersonale og kontorpersonale. Skulen må sørge for at alle tilsette har kunnskap om handlingsplikta, og kva denne inneber på sin skule. Handlingsplikta kan inndelast i fire steg:

#### 1. Den tilsette må undersøkje saka

Det er tilstrekkeleg at ein tilsett har *mistanke* om at ein elev blir utsett for krenkjande ord og handlingar, for at plikta til å undersøkje forholdet oppstår. Mistanke inneber m.a. om ein trur eller antek at ein elev blir utsett for krenkjande ord og handlingar. Det treng ikkje vere vedvarande krenkjande handlingar, eller handlingar som skjer frå mange elevar mot ein. Det er tilstrekkeleg at den tilsette får mistanke om éi krenkjande handling eller utsegn mot ein elev, for at handlingsplikta skal gjelde. Sjølv om t.d. utsegn står fram som del av ein akseptert kultur i elevgruppa, er det ei krenking om ein eller fleire elevar opplever det slik.

#### 2. Den tilsette må varsle skuleleiinga

Dersom den tilsette gjennom undersøkingar får stadfesta at ein elev er blitt utsett for krenkjande ord eller handlingar, må den tilsette varsle skuleleiinga. Dette kan også gjelde sjølv om eleven sjølv seier ho ikkje er utsett for krenkjande ord og handlingar. Det kan vere mange grunnar til at ein elev som t.d. blir trakassert eller diskriminert, ikkje seier dette til ein vaksen. Varsling kan vere skriftleg eller munnleg. Det er viktig at skulen har eins forståing av når det skal varslast, og korleis det skal skje. Arbeidet med å skape eins forståing, er også ein del av skulen sitt systematiske arbeid.

#### 3. Den tilsette må gripe inn sjølv om det er nødvendig og muleg

Dersom det er *nødvendig og muleg*, må den tilsette gripe inn sjølv. Hensikta er å stanse uønskte handlingar så raskt som muleg, for å unngå eller redusere fysiske og psykiske skadar hos dei involverte. Kva som vil vere ein formålstenleg måte å gripe inn på, avhenger av korleis eleven blir krenka. Dersom krenkinga er verbal, pliktar den tilsette å stoppe dette. Dersom elevar slost eller fysisk mishandlar ein annan elev, vil det kunne vere nødvendig å gripe inn fysisk. Om den tilsette sjølv skal gå inn og skilje elevane, vil avhenge av m.a. vedkommande sine eigne føresetnader og situasjonen. Det kan berre krevjast at ein tilsett grip inn i ein slik i situasjon dersom det er forsvarleg. Tilsette pliktar ikkje å utsette seg sjølv for fare. Det kan eventuelt vere nødvendig å hente hjelp frå andre tilsette, eller å ringe politiet for hjelp.

#### 4. Skuleleiinga må oppfylle den krenka eleven sin rett til et godt psykososialt miljø

Den enkelte tilsette si plikt til å undersøkje, varsle og ev. gripe inn ved mistanke om krenkjande ord eller handlingar, følgjer av § 9a-3 andre ledd. Sjølv om det ikkje følgjer direkte av ordlyden i føresegna, pliktar skulen også å følgje opp saka på ein måte som er eigna til at den krenka eleven får oppfylt sin rett til eit godt psykososialt miljø. Dette følgjer av samanhengen med eleven sin rett til et godt psykososialt miljø etter § 9a-1, jf. over.



### **3.1.2 Førebyggjande arbeid - Fylkesmannen sine undersøkingar og vurderingar**

#### ***Om planar***

Som ledd i tilsynet, har Fylkesmannen fått fyldig dokumentasjon med m.a. ei rekke planar frå skulen. Planane er m.a. omtalt i dokumentet «Skolens plan», som rektor utarbeider og legg fram for elevar og foreldre ved skulestart. Skulen har også eit personalhefte som blir levert ut kvar haust. Nokre av planane har blitt med over tid, utan å bli koordinert med andre planar. Skulen la til grunn at dette kan ha samanheng med at ulike avdelingar har ulike planar, at ein vil ta vare på noko som har fungert sjølv om nytt kjem til, e.a. Som følgje av dette, har planane til dels overlappende innhald. På direkte spørsmål under tilsynet, fekk Fylkesmannen opplyst at planane ikkje var samla på ein stad. Skulen arbeider med å samla dei i systemet Compilo, men var ikkje kome i mål med dette på tilsynstidspunktet.

Det var ikkje alle planane ved skulen som blei nytta like aktivt. Dei fleste som Fylkesmannen snakka med under tilsynet kjende til ordensreglane. Vidare hadde dei tilsette fokus på tilsynsplanane, der m.a. oppgåver og ansvar går fram. Om det var trong til å finne informasjon, var dei tilsette medvitne om at innhaldet i «Nordsmøla skoles handlingsplan for trivsel og samhold» gjev føringar for kva som skal gjerast, og når. Kva rolle avdelingsleiar har når ho opptrer som sosiallærer, går også fram av ein eigen instruks, som var kjend blant dei tilsette.

Skolen nyttar også temahefte frå prosjektet «Ta grep». Prosjektet er utarbeidd av pedagogisk psykologisk teneste for Ytre Nordmøre. Prosjektet har fleire temahefte, som omtalar ulike område for arbeidet med skulemiljøet.

I dokumentasjonen som er lagt fram, ligg også Nordsmøla skole sin plan for helse, miljø og tryggleik. Denne plana har først og fremst fokus på skulen som arbeidsstad for dei tilsette. Det er likevel nokre punkt som omtalar tiltak knytt direkte til elevane sitt skulemiljø. Skulen har ikkje en tilsvarande samla plan for elevane. I merknader til førebels rapport, framhevar skulen at HMS-plana også gjeld for elevane.

I merknadar til førebels rapport, viser skulen til at medverknad har ei sentral rolle i evalueringprosessen. Skulen legg til grunn at alle trivselfremmande tiltak er på dagsordenen for revidering gjennom skuleåret. Det er ulike fora for denne evalueringa, for tilsette, for elevar og for foreldre. Det går fram at ein i Smøla kommune arbeider for å få felles planar og rutinar, fram mot oppstart ved ny skule.

#### ***Fylkesmannen sine vurderingar***

Tilsynet viser at namna på skulen sine planar går fram av dokumentet «Skolens plan», og i personalheftet. Vi legg til grunn at desse dokumenta blir nytta i skulen sine planleggingsdagar kvar haust. Dette er slik utgangspunkt for at tilsette kan vite om skulen sitt system. Det er likevel noko uklart for Fylkesmannen korleis skulen går fram for å presentere og gjennomgå planane for t.d. nyttilsette ved skulen.

Det er ikkje krav til at skulen skal ha systemet samla i eitt dokument. At planane ikkje er samla ein særskild stad, verken fysisk eller digitalt, meiner Fylkesmannen likevel



kan medverke til at innhaldet planane ikkje er kjent. Planane har blitt til over tid. Fylkesmannen meiner dette gjer at planane kan vere vanskelege å finne fram i. Fylkesmannen legg til grunn at dette gjer grunnlaget for skulen sitt systematiske arbeid lite oversiktleg.

Vi finn det ikkje dokumenterte at planane har vore utarbeidd av dei tilsette ved skulen i fellesskap, eller at planane har vore revidert samla. Alle dei tilsette har slik ikkje arbeidd aktivt med heilskapen i planane. På den andre sida, finn Fylkesmannen det godgjort at det er god kjennskap til ordensreglane hos alle grupper ved skulen. Dei tilsette kjente også til tilsynsplana, og nytta denne aktivt. Vidare gjekk det fram at dei tilsette nytta seg av metodane som er omtalt i skulen sin handlingsplan, når det var naudsynt. Vi har også merka oss at dei tilsette ved skulen har møter kvar veke, der ein kan evaluere alle trivselsfremjande tiltak og alle planar. Ut frå erfaringane frå tilsynet, legg Fylkesmannen likevel til grunn at kjennskapen til skulen sine mange planar er varierende i skulen.

### **Om kartlegging av elevmiljø**

For å få kjennskap til korleis elevane opplever skulemiljøet, gjennomfører skulen Elevundersøkinga på 7. trinn. Vidare har ein trivselsundersøking for 1. – 6. trinn. At undersøkingane skal gjennomførast på hausten, går fram av skulen si aktivitetsplan som ligg i dokumentet «Skolens plan». Spørsmåla i lokal undersøking er utforma slik at småtrinna har ikon («smilefjes»), mens dei større barna har meir utfyllande svaralternativ.

Det kom ikkje fram gjennom verken dokumentasjon eller under tilsynet at skulen hadde felles rutinar for å førebu undersøkingane i klassen. Det var slik ikkje felles framgangsmåte for å forklare ev. uklare spørsmål kan for elevane.

Ei ressursgruppe gjennomgår resultat frå undersøkingane klassevis. Ressursgruppa er to lærarar, rektor og avdelingsleiar, som også er sosiallærar. Om det er noko å ta tak i, blir det meldt vidare til kontaktlærar. Nokre av dei tilsette kjende til resultat, og gjennomgjekk det med sine klassar. Det var likevel ikkje eins rutinar ved skulen for dette etterarbeidet.

Fram til skuleåret 2015-2016, hadde ein gjennomført undersøkingane kvart år. Skuleleiinga hadde ikkje rutinar for å følgje opp at undersøkingar faktisk blei gjennomført på det enkelte trinn. På tilsynspunktet i 2016, hadde skulen verken gjennomført nasjonal elevundersøking, eller lokal trivselsundersøking. Ein hadde slik ikkje kjennskap til korleis dette årets elevkull opplevde skulemiljøet.

Skulen hadde fokus på å få informasjon gjennom samtalar undervegs. Vidare var ein ved skulen medvitne om å ha halvårlege utviklingssamtalar, som skulen kallar vurderingssamtalar. I forkant av desse får elevane med seg heim skjema med ulike tema for samtalen. Elevane kan slik førebu samtalen saman med foreldre/føresette. Skjema for samtalen er utvikla av lærarane i fellesskap. Begge typar samtalar er omtalt i skulen sitt årshjul/aktivitetsplan. Det var fleire som omtala elevsamtalar som den viktigaste kjelda til informasjon om korleis elevane har det ved skulen. Kontaktlærar kan også ha jamleg kontakt med elevane, og foreldre/føresette.



I skulen si handlingsplan er loggføring nemnd som månadleg aktivitet. Om det oppstår konkrete uheldige situasjonar, har elevane også muligheit til å nytte loggføring. Det kom likevel fram under tilsynet at det ikkje var eins praksis ved skulen om å nytte dette tiltaket.

I friminutta har dei tilsette tilsyn med elevane ut frå ei tilsynsplan. Denne plana var godt kjend blant dei tilsette. Plana viser kor mange som har tilsyn, kven som har ansvar for kva, kvar dei skal vere, m.v. Det går t.d. fram at ein har forsterka tilsyn i eit indre område av skulegarden. Slik kan elevar som kjenner dei treng det, trekkje seg attende dit. På personalmøte kvar veke har ein eit punkt der tilsyn blir tatt opp. Slik kan dei tilsette informere kvarandre om kva som rører seg i skulen, og om det er noko ein må ha særleg fokus på framover.

### ***Fylkesmannen sine vurderingar***

Fylkesmannen sitt tilsyn viste klart at dei tilsette ved skulen får kjennskap til skulemiljøet gjennom tilsyn i friminutta, og ved skulestart og -slutt. Fylkesmannen meiner skulen si tilsynsplan er eit godt arbeidsverktøy, med fordeling av oppgåver, tilsynsområde, kven som er ansvarleg, m.v.. Vidare har skulen eit eige punkt om tilsyn på personalmøte kvar veke. Fylkesmannen legg til grunn at skulen nyttar dette til å følgje opp observasjonar, og til å gjere kvarandre merksame på ev. utfordringar.

Vidare har skulen fokus på elevsamtaler/utviklingssamtalar som informasjonskjelde. Det kom m.a. fram at skulen i forkant av samtalene leverer ut skjema til elevane, slik at dei kan førebu samtalane saman med foreldre. Fylkesmannen legg til grunn at dette kan vere eit godt verktøy for å finne ut korleis den enkelte elev har det i kvardagen.

Skulen har rutinar for at Elevundersøkinga og skulen si trivselsundersøking skal bli gjennomført, og resultat gjennomgått med klassen. På tilsynstidspunktet kom det fram at verken den nasjonale Elevundersøking eller skulen si interne trivselundersøking blei gjennomført førre skuleår. Fylkesmannen viser til at undersøkinga for 7. trinn er obligatorisk for alle skular. Med tanke på å få innsyn i elevmiljøet, vurderer vi det som uheldig at undersøkingane ikkje blei gjennomført. Den manglande gjennomføringa er eit brot på gjeldande retningslinjer. Vidare ser Fylkesmannen det som uheldig at skulen ikkje har system som gjer at leiinga fangar opp at undersøkingane ikkje vart gjennomført då dei skulle.

Skulen har ein viss grad av systematisk etterarbeid av undersøkingane i ressursgruppa. Det er likevel ikkje lagt fram, eller vist til, at skulen har samla rutinar for å gjennomgå resultat frå undersøkingar med tilsette, elevar eller foreldre. Fylkesmannen meiner at arbeid med å definere forbettringsområde og relevante tiltak vil kunne vere til hjelp for skulen i det planmessige skulemiljøarbeidet.

### ***Om mål for skulen sitt arbeid med skulemiljø***

Skulen sin visjon går fram av dokumentet «Skolens plan». Det kom også fram i tilsynet at skulen meiner å ha «nulltoleranse» mot mobbing. Ein har ikkje definert kva som ligger i dette omgrepet. Det kom fram under tilsynet at skulen ikkje har nytta funn frå undersøkingar til å sette konkrete mål knytt til aktuelle utfordringar.



### ***Om generelle førebyggjande tiltak***

Det går fram av dokumentasjonen at ein ved skulen har ei lang rekke tiltak for å skape gode relasjonar og eit godt skulemiljø. Aktivitetane er både på det enkelte trinn, og som samarbeid mellom trinn. Det er m.a. samlingsstund, trivselsprosjekt, fadderordning, trivselsleiarprogram, skolejoggen, haustsprett, vennebenk m.v. Desse går fram av skulen sin handlingsplan, samt ein aktivitetsplan som blir sendt til elevane. På direkte spørsmål, kom det fram i tilsynet at skulen gjennomfører dei fleste av desse tiltaka pga. tradisjon og fordi ein opplever å ha gode erfaringar med dei.

Skulen sin vennebenk kom i stand etter initiativ frå elevrådet. Formålet var å gje elevar som ikkje hadde nokon å vere saman med ein stad å gå. Elevane blei oppmoda til å ha ekstra merksemd med vennebenken, og inkludere dei som ev. sette seg der. Elevane har også blitt gjort kjend med at benken berre skal brukast når nokon treng den.

Då skogen ved skulen blei avstengd etter uvær, måtte alle elevane vere i skulegarden. Dette ga mindre plass ute, og gjorde at ein fekk nye utfordringar i elevmiljøet. Skulen kom då saman fram til at det var naudsynt å aktivisere elevane på andre måtar. Dette var bakgrunnen til at skulen blei med i trivselsleiarprogrammet (TL). Gjennom TL kan elevar velje en aktivitet å vere med i, framfor å velje personar ein vil vere med.

### ***Fylkesmannen sine vurderingar***

Skulen har fleire tiltak for å ta i vare elevane sitt skulemiljø, og skape trivsel. Fylkesmannen legg til grunn at slike opplegg vil vere gode utgangspunkt for å ta elevane i vare. Vi har særleg merka oss at skulen tok i bruk trivselsleiarprogrammet, vennebenk, og har satt av eit «indre område» med forsterka tilsyn i friminutta. Desse tiltaka ser ut til å vere grunngjeve med skulen sin konkrete kjennskap til korleis elevane opplever skulemiljøet.

### ***Om felles forståing av omgrepet «krenkjande ord og handlingar»***

Det kom fram i tilsynet at dei tilsette ved Nordsmøla skule i førre skuleår drøfta kva ord som er krenkjande, og korleis ein skal gripe inn mot dette. Skulen opplyser at ein har brukt mykje tid på dette, og at ein i nokon grad har ei felles forståing av kva ord ein ser som krenkjande. Om ein høyrer at negative ord blir brukt, vil dei tilsette vanlegvis ta det opp med ein gong. Gjennom tilsynet kom det likevel fram at dei tilsette har ulik terskel for å gripe inn. Det kan vidare vere ulikt korleis den enkelte tilsette opptre mot ulike elevar som nyttar same ord.

I merknader til førebels rapport, viser skulen til at ein er i gang med å revidere ordensreglane for å innarbeide omgrepet «krenkjande ord og handlingar». Skulen tar sikte på å jobbe godt og systematisk med dette i sitt pedagogiske arbeid, i planarbeid og i arbeidet med elever og heimane.

### ***Fylkesmannen sine vurderingar***

Fylkesmannen meiner det er bra at ein ved skulen har drøfta tersklar for kva ord som tolast, og for når ein skal gripe inn. Det er vidare opplyst at skulen i samband med tilsynet er komne godt i gang med arbeidet med å utvikle felles terskel for alle krenkjande ord og handlingar.



Fylkesmannen legg til grunn at det er utfordrande å skape ei heilt eins ramme for kvar grensa går for kva ord og handlingar som skulen reagerer mot. Gjennom arbeidet som er sett i gang, vil skulen kunne få forum der terskelen kan bli drøfta.

Det er bra at assistentar som utgangspunkt har moglegheit til å vere med på møter der dette blir drøfta. Fylkesmannen meiner det er viktig at skulen i sitt vidare arbeid sikrar at også andre tilsette blir inkludert i arbeidet med elevane sitt skulemiljø.

### ***Om elevane sin kjennskap til omgrepet***

Kontaktlærarane ansvar for å informere elevane i sin klasse om innhaldet i omgrepet. I planane var det likevel ikkje omtalt konkret aktivitet som gjekk direkte på å informere elevane om innhaldet i omgrepet. Det kom fram at skulen ikkje har eins rutinar for dette informasjonsarbeidet. Vidare var det uvisst for skulen om ein hadde sikring for at kvar einskild lærar oppfylte ansvaret.

Det kom fram at ein har hatt fokus på å kommunisere forventningar til god framferd til elevane. Dette kjem m.a. fram «Skolens plan», i døme på tipsplakat som er hengt opp i skulen, i «Sosialpedagogisk plan for Nordsmøla skole for å fremme/utvikle sosial kompetanse», og i «Oversikt over sosiale mål». Sistnemnde viser kva mål skulen har for kvar skuleveke gjennom året. Dette går også fram av elevane sine vekeplanar.

Ordensreglane inneheld noko om korleis omgrepet krenkjande ord og handlingar blir forstått på skulen. Sidan ordensreglane dannar grunnlag for elevane sitt arbeid med klassereglar, blir elevane slik indirekte kjende med omgrepet.

### ***Fylkesmannen sine vurderingar***

Skulen har i utgangspunktet eit system for å gjere elevane kjende med kva som blir lagt i omgrepa. Det ser likevel ut til at det ikkje er ei eins plan som gjer at leiinga sikrar at kvar elev får denne informasjonen. Ut frå det som kjem fram i merknadane, legg Fylkesmannen legg til grunn at skulen kan utvikle eit system som sikrar at elevane har kjennskap til omgrepet i samband med arbeidet.

### ***Om handlingsplikt***

Kjennskap til innhaldet i handlingsplikta er tema på planleggingsdagar kvar haust. Under tilsynet blei det nemnd at det også kan bli tatt opp på personalmøte gjennom året. Lærarar og assistentar deltar, eller kan delta, på møta. Det er ikkje opplyst om andre tilsette på skulen får same informasjon. I tilsynet kom det fram at dei tilsette kjende til innhaldet i handlingsplikta, og at ein ev. kunne hente informasjon om dette på m.a. Utdanningsdirektoratet sine nettsider.

### ***Undersøkje***

Skulen sine rutinar for undersøking går fram av «Handlingsplan for trivsel og samhald». Rutinane er kjende i skulen, og innhaldet i planen blir nytta aktivt. Skulen tek utgangspunkt i å løyse saker på lågast mogleg nivå. Målsettinga er at skulen skal ha ein beredskap som gjer at ein raskt fangar opp signal om at nokon elevar blir plaga. Observasjon skal settast i gang med ein gong dei tilsette har mistanke. Skulen skal kontakte heimane om ein er bekymra. Skulen nyttar tid på å undersøkje konkrete saker, og ev. diskutere enkeltsakene. Skulen var likevel klar over at ein i ei konkret



sak nok hadde nytta for lang tid til utgreiing. Det hadde slik ikkje blitt tid til å vurdere om dei aktuelle tiltaka virka, før eleven gjekk over til nytt klassetrinn.

#### *Varsle*

I handlingsplana er det lagt opp til at rektor må komme inn på eit tidleg tidspunkt når mobbing har oppstått, sjå del III. Gjennom tilsynet kom det ikkje fram kjennskap til felles rutinar for når og korleis dei tilsette skal varsle. Fylkesmannen fann likevel brei semje om at dersom det var trong til å varsle vidare, gjekk ein til kontaktlærer, ev. rett til leiinga. Dei tilsette kan også varsle i personalmøte. Det var likevel i nokon grad opp til kvar enkelt lærar korleis ein vil gå fram, og nokre tilsette følger eigne rutinar i dette arbeidet. Leiinga la under tilsynet til grunn at ein får vite om det ein har behov for.

Når det kjem fram konkrete saker i skulemiljøet, viste ein ved skulen til at leiinga følgjer opp det som dei får vite. Det går fram av dokumenta at avdelingsleiar i rolla som sosiallærer skal gå konkret inn i mobbesaker, og følgje opp desse. Døme på dette kan vere elevsamtalar, møte med enkeltelevar eller foreldre, og ev. oppfølgingsmøte. I seinare tid har ein ved skulen også hatt muligheit til å nytte PP-tenesta sitt «veiledningsteam» til dette. Dei tilsette Fylkesmannen snakka med, var nøgde med korleis leiinga følgde opp konkrete enkeltsaker. Det kom fram at dei tilsette får tilbakemelding om korleis leiinga følgjer opp enkeltsaker som har blitt meldt.

Det er ikkje felles rutinar for kva dei tilsette skal gjere om det viser seg naudsynt å justere tiltaka i andre enkeltsaker. Om det er trong til å justere, gjer dei tilsette dette ut frå korleis situasjonen blir opplevd der og då. Det går fram at leiinga har forventningar til at dette skal skje. I stor grad er det likevel opp til lærarane sjølve korleis dei eventuelt reviderer tiltaka.

#### *Gripe inn*

Skulen har brukt tid på å diskutere utgangspunktet for å gripe inn, jf. over. Det blei lagd til grunn at det er vanskeleg å kome fram til ei heilt eins forståing av innhaldet. Det kan vere skilnader for når ein grip inn, t.d. grunna at ein har ulik terskel for å gripe inn. Det kan sjå ut til at tema i desse diskusjonane har vore korleis og når dei tilsette fysisk skal skilje elevar frå kvarandre.

#### ***Fylkesmannen sine vurderingar***

Plan for det individuelt retta arbeidet går fram av m.a. skulen si handlingsplan. Fylkesmannen legg til grunn at innhaldet i plana i nokon grad var kjent. Det var likevel skilnader i kva grad sjølve plana blei nytta i skulekvardagen. Gjennom tilsynet kom det m.a. fram at ein ved skulen var kjent med plikt til å undersøkje om ein hadde mistanke om at elevar ikkje hadde det bra i skulemiljøet. Vidare var det semje på skulen om plikta til å gripe inn om det var krenkjande ord. Det var ikkje same tilnærming med tanke på krenkjande handlingar. Fylkesmannen legg til grunn at dei tilsette vi snakka med kjente til handlingsplikta, og handla i tråd med denne når det gjaldt å undersøkje og ev. gripe inn.



Etter § 9a-3 andre ledd og rundskriv Udir-2-2010 pkt. 4.2.2 skal dei tilsette varsle leiinga om dei kjem fram til at forhold må følgjast opp. Gjennom tilsynet kunne Fylkesmannen ikkje sjå at ein ved skulen hadde sikra felles praksis for når og korleis slik varsling skal skje. Det er opp til kvar enkelt tilsett korleis ein vel å gå fram. Fylkesmannen meiner ein slik individuell praksis for varsling ikkje sikrar godt nok at leiinga blir informert i tråd med lovkravet.

Fleire tilsette kjende til at leiinga ga tilbakemelding om kva som hadde skjedd i saker leiinga faktisk hadde fått vite om. Det var semje i skulen om at leiinga tok tak i det dei fekk vite om.

Tilsynet viste at ein ved skulen har drøfta terskel for å gripe inn. Fylkesmannen har merka seg at skulen legg opp til at ein framover vil ha same fokus på å gripe inn både ovanfor krenkjande ord og mot krenkjande handlingar. I merknadane er det lagt opp til at dette skal inn i skulen sitt pedagogiske arbeid.

### ***Iverksetting av tiltak***

Det går fram av handlingsplana at dei tilsette skal sette i verk tiltak ved mistanke om, eller kjennskap til at ein elev ikkje får oppfylt sin rett til eit godt skulemiljø.

Fylkesmannen legg til grunn at dei tilsette sett i verk tiltak når dei etter mistanke og undersøking finn grunn til det. Om det skulle bli behov for å justere tiltaka, gjer lærarane dette på eige initiativ. Det kom fram under tilsynet at leiinga ved skulen forventar at dette blir gjort.

Når ein skal vurdere om det har vorte betre for elevane det gjeld, blir dette omtalt på møte. Skulen er medvitne om å følgje opp aktuelle saker, t.d. som melding til leiinga eller i personalmøte. Fylkesmannen legg til grunn at dette opplegget er eigna til å avdekkje korleis den enkelte elev har det i skulemiljøet. Om det gjelder enkeltsaker der skulen allereie har støtte frå PPT, kan dei tilsette støtte seg på rettleiingsgruppa. Det kom ikkje fram at leiinga er direkte involvert i slike evalueringar.

Tilsynet viste at ein ved skulen kunne ta opp saker som blei observert i skulekvardagen, t.d. på møter som er kvar veke. I tilsynet kom det likevel fram at skulen ikkje har eit eins og konkret system for å følgje opp observasjonar, for å setje inn og for ev. å justere tiltak. Fylkesmannen meiner dette kan lede til at uheldige ting får fortsette for lenge. Fylkesmannen finn derfor at skulen ikkje kunne vere sikker på at elevane sin rett blei teken i vare. Fylkesmannen kan slik ikkje konkludere med at skuleleiinga sikrar at tiltak blir sett i verk, eller at desse blir justert om det er trong til det.

Det er lagt fram døme på at skulen i to konkrete saker har fatta vedtak med tiltak som er sett i verk på skulen sitt eige initiativ, sjå § 9a-3 andre ledd. Det går fram at skulen i desse konkrete sakene har vurdert elevane sin rett, sett i verk tiltak, og har hatt siktemål om å evaluere tiltaka etter kvart.

### ***Om skulen si evaluering av det samla arbeidet***

Det var ulik oppfatning av om det var satt av tid til at lærarar og assistentar kan samarbeide, både på trinn og om enkeltelevar. Det kom fram at nokre tilsette fekk til dette, mens andre ikkje gjorde det.



I samband med dei generelle trivselstiltaka skulen gjennomfører, har skulen evaluering i etterkant. Det kom fram at slike vurderingar er retta inn mot korleis tiltaket fungerte i praksis. Skulen har t.d. ei konkret omtale av korleis skolejoggen konkret skal gjerast, kven som har ansvar, m.v. I merknadane, viser skulen til at det er mogleg for tilsette, elevar og foreldre å fortløpande kome med innspel til evaluering av tiltak i skulekvardagen.

Det kom fram i tilsynet at rektor har tatt på seg eineansvar for revidering og evaluering av dei samla planane. Dette planarbeidet er ikkje forankra i personalet. Gjennom tilsynet kom det fram at skulen var usikker på om denne forma for systemarbeid er formålstenleg. Skulen var medviten om at arbeidsforma ikkje godt nok sikrar at alle relevante opplysningar er med, eller at ein tek omsyn til alle utfordringar. Skulen var også medviten om at manglande forankring hos alle tilsette kunne medverke til at dei samla planane ikkje var tilstrekkeleg kjende. Det kjem også fram av eigenvurderingsskjema og i intervju at skulen ikkje har sett konkrete mål for skulemiljøarbeidet ut frå funn i undersøkingar. Ein har heller ikkje sett opp konkrete mål for skulemiljøarbeidet som følgje av evaluering.

Gjennom tilsynet kom det fram at barneskulane i Smøla kommune skal delta i kompetansehevingstiltak knytt til skulemiljøarbeid utover hausten 2016. Dette er i regi av PPT. Det blei lagt til grunn at det kan vere naturleg å fornye planane ut frå det ein kjem fram til gjennom denne kursrekka.

I merknader til førebels rapport, skriv skulen ein meiner seg misforstått når det gjeld arbeidet med evaluering. Det er, som nemnd over, vist til at alle trivselsfremmande tiltak og alle planar på dagsorden for revidering, endring og forbetring gjennom skuleåret. Det kan sjå ut til at skulen meiner dette kjem fram av dokumentasjonen som er sendt inn, men at dokumentmengda blei overveldande for Fylkesmannen og slik vanskeleg å handtere.

### ***Fylkesmannen sine vurderingar***

Handlingsplan for trivsel og samhald blei revidert våren 2015. Som ledd i evalueringa, tok ein ikkje omsyn til at opplæringslova kap. 9a er sentral ved problemløysing når det har vore uønskt åtferd. Fylkesmannen viser til at lovreglane blei sett i verk i 2003, og har slik vore gjeldande i meir enn 13 år. Planane gir ikkje informasjon om gjeldande lovkrav.

Skulen viste til at det ikkje har vore ein heilskapleg gjennomgang av planverket, der heile skulen har samarbeidd for å tilpasse planane til aktuelle problemstillingar. Fylkesmannen har gjennomgått alle dei dokument som er tilsendt frå kommunen. Fylkesmannen kan ut frå dokumentasjonen som er lagt fram, eller ut frå tilsynet elles, ikkje konkludere med at skulen har eit systematisk planverk som tilfredsstillar krava til internkontroll.

### **3.1.3 Fylkesmannen sin konklusjon**

Ut frå tilsynet, finn Fylkesmannen i Møre og Romsdal at Nordsmøla skule ikkje har eit internkontrollsystem som stettar krava i opplæringslova.



Skulen har heller ikkje eit system som sikrar at handlingsplikta fullt ut blir oppfylt.

Fylkesmannen legg til grunn at det vil vere viktig for elevane at skulen og skuleeigar gjennomgår planane som ligg føre, og tilpassar dei til kvardagen ved Nordsmøla skole.

## **3.2 Individuelt retta arbeid - forvaltning av retten til å be om tiltak**

### **3.2.1 Rettslege krav**

*Skulen har plikt til å fatte enkeltvedtak ved oppmoding om tiltak*

Elevar og foreldre har rett til å oppmode om tiltak som gjeld det psykososiale miljøet, jf. § 9a-3 tredje ledd. Skulen pliktar å gjere alle elevar og foreldre kjent med denne retten. Informasjonen må formidlast slik at det er forståeleg for alle mottakarane. Dette inneber t.d. at innhaldet må bli tilpassa ulike elevgrupper og årstrinn. Informasjonen må gis til alle foreldre.

Det er ikkje formkrav til oppmoding om tiltak, den kan vere både munnleg eller skriftleg. Dersom oppmodinga om tiltak gjeld det psykososiale miljøet til fleire elevar og det systematiske arbeidet ved skulen, er det fleire som kan be om tiltak etter § 9a-3 tredje ledd. Elev og foreldre skal forståast i vid forstand, det vil seie at førespurnaden kan kome frå grupper av foreldre eller elevar, foreldrekontaktar, tillitsvalde elevar, samt råd og utval ved skulen.

Dersom skulen er i tvil om kontakt frå elevar eller foreldre er ei oppmoding om tiltak, må skulen avklare dette med vedkomande som har vore i kontakt. Skulen har rettleiingsplikt overfor elevar og foreldre, jf. forvaltningsloven § 11. Om tilsette ved skulen mottek slik melding, må ein informere om retten til å få saken behandla etter reglane i § 9a-3 tredje ledd. Alle oppmodingar må vidareformidlast til rektor, då det er rektor som har mynde til å fatte enkeltvedtak.

Når skulen får ei slik oppmoding om tiltak, har skulen plikt til snarast muleg å behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningsloven. Det vil seie at skulen så raskt som mogleg må undersøkje dei faktiske tilhøva, vurdere om eleven får oppfylt retten sin, og deretter fatte ei skriftleg, grunngjeve avgjerd i saka. Enkeltvedtaket kan anten innehalde slike tiltak som foreldra eller eleven ber om, eller andre tiltak som skulen avgjer er formålstenlege og nødvendige. Enkeltvedtaket kan også konkludere med at det ikkje skal settast inn tiltak fordi skulen ikkje meiner det er nødvendig.

Krav til utforming av enkeltvedtaket går fram av forvaltningsloven (fvl.) §§ 23, flg. Det går bl.a. fram at enkeltvedtaket skal vere skriftleg og grunngjeve, at ein skal vise til reglane ein byggjer på og omtale dei faktiske forholda som har hatt betydning i saka. Det må innehalde informasjon om retten til å klage, klagefrist, klageinstans og framgangsmåten ved klage, jf. § 27. Skulen kan heller ikkje avgrense klageretten, t.d. ved å krevje at klage må vere grunngitt.

I tillegg pliktar skulen å utgreie saka godt nok, jf. § 17, samt å ta i vare reglane om teieplikt, jf. §§ 13-13e.



Skulen må i sitt systematiske arbeid sørge for at handlingsplikta og alt som er bestemt om rett til vedtak blir tatt i vare.

### **3.2.2 Fylkesmannen sine undersøkingar og vurderingar**

#### ***Om plikta til å fatte enkeltvedtak***

I skulen sin handlingsplan, er det vist til Utdanningsdirektoratet sitt hefte «Arbeid mot mobbing». Det kom fram at heftet ikkje har vore konkret tema i informasjonsarbeidet frå skulen. I merknadane til førebels rapport er det vist til at skulen framover vil dele ut direktoratet si informasjonsbrosjyre til nye foreldre. Skulen viser til at ein tidlegare heller ikkje har andre informasjonstiltak, verken generelt eller konkret. Gjennom tilsynet kom det fram at dersom foreldre eller elevar kontaktar skulen, informerer skulen ikkje om kva rettar dei har etter opplæringslova. I merknadene viser skulen til at ein vil få på plass eit betre informasjonsarbeid med tanke på rettane rundt det å be om tiltak. Skulen har fram til no lagt vekt på å informere om kva ein faktisk vil gjere, t.d. at dei tilsette vil observere og undersøkje saka grundig.

Gjennom tilsynet kom det likevel fram at det ikkje har vore førespurnader som har vore sett som oppmoding om tiltak. Det blei lagt til grunn at ein ikkje nytta enkeltvedtaksforma dersom det «berre» var snakk om at ein elev kanskje ikkje hadde det bra. Det kom fram at dei tilsette ved skulen var usikre på om ein hadde for høg terskel for å kome fram til at det var satt fram oppmoding om tiltak. Ein var slik ikkje sikker på om alt var fanga opp.

Skulen har ein mal for enkeltvedtak knytt til oppmoding om tiltak. Denne har ikkje vore brukt, sidan skulen opplyser å ikkje ha mottatt oppmodingar frå foreldre eller elevar. I merknadane går det fram at skulen er samd i at ein har forbetringsspunkt på dette området.

#### ***Fylkesmannen sine vurderingar***

Gjennom tilsynet kom det fram at det generelt var liten kjennskap til innhaldet i opplæringslova. Fylkesmannen viser til at det ikkje er eit konkret krav til å kjenne kva som står i lova. Det mest sentrale er at elevane blir tekne i vare. Det kan likevel sjå ut til at avgrensa kjennskap til regelverket virka inn på kva informasjon skulen ga til foreldra om elevane sine rettar.

Det kom fram at skulen ikkje har hatt rutinar for å informere om retten til å få saker handsama etter reglane for enkeltvedtak. Fylkesmannen har likevel ikkje oppfatning av at det var oppmodingar til skulen som ikkje har vore tatt tak i. Dette har truleg samband med at ein ved skulen tidlegare var lite medvitne om kva rettar foreldre og elevar har, og at skulen derfor ikkje informerte om rettane.

Fylkesmannen meiner den tidlegare praksis ved skulen ikkje var eigna til å sikre at dei tilsette kjenner til elevane sine rettar, og dei tilsette sine egne pliktar knytt til dette. Fylkesmannen legg likevel til grunn at det nye arbeidsforma som er omtalt i merknadane vil vere tilstrekkeleg til at skulen oppfyller lovkrava.

Under punktet «klageadgang» i malen som er lagt fram, står det at ein kan klage på vedtak om «tilrettelagt opplæring». Fylkesmannen legg til grunn at dette kan tyde på



at skulen ikkje har vore tilstrekkelig medvitne om innhaldet i vedtaket når ein har laga malen.

Det går vidare fram av malen at ei ev. klage på enkeltvedtak må være skriftleg og grunngjeve. Denne formuleringa er i strid med føresegnene om klage i forvaltningsloven. Fylkesmannen viser til at skulen og skuleeigar må rette på dette. I merknadane til førebels rapport går det fram at skulen meiner malane for enkeltvedtak er i samsvar med lova. Skulen skriv likevel at ein meiner malane må reviderast, og at skuleeigar må gjere dette.

### ***Om plikta til å arbeide systematisk med informasjon og forvaltning***

Skulen har tidlegare i praksis ikkje gitt konkret informasjon om retten til å få saker handsama som enkeltvedtak, verken generelt eller dersom foreldre er i kontakt med skulen. Det kom fram i tilsynet at verken leiing, tilsette, elevar eller foreldre var tilstrekkelig medvitne om kva rettar ein har med tanke på oppmoding om tiltak. I merknadane kjem det fram at skulen gjennom tilsynet har blitt medvitne om dette, og at ein vil leggje om arbeidet i samsvar med lova.

### ***Fylkesmannen sine vurderingar***

Det er no lagt opp til at Nordsmøla skole framover skal gje informasjon om retten til å be om enkeltvedtak konkret, og opplæringslova kap. 9a. Vi legg til grunn at dette vil bli innarbeidd i skulen si handlingsplan. Gjennom tilsynet kom det fram at skulen ikkje var tilstrekkeleg kjent med rettane etter § 9a-3 tredje ledd. Det er lagt opp til at skulen skal arbeide for å kome innanfor lovkravet.

### **3.2.3 Fylkesmannen sin konklusjon**

Fylkesmannen har ikkje informasjon som tilseier at skulen bryt reglane sjølv om det ikkje er gjort enkeltvedtak. Fylkesmannen finn at skulen legg opp til at rettleiingsplikta skal bli teken i vare ved at ein kjenner til, og i framtida skal informere om retten til å be om tiltak.

Fylkesmannen meiner skulen i arbeidet framover kan drøfte terskelen for når kontakt frå foreldre eller elevar skal sjåast som ei oppmoding om tiltak som må bli følgt opp etter dei konkrete reglane i oppl. § 9a-3 tredje ledd.

Det går fram at skulen viser til behov for å endre malar, slik at dei er i samsvar med lovkrav. Fylkesmannen viser til at dette må bli gjort.

## **3.3 Brukarmedverknad - informasjon og forvaltning**

### **3.3.1 Rettslege krav**

#### ***Skulen har plikt til å sikre brukarmedverknad***

Det er fleire grupper og råd som har rett til å bli involvert i skulemiljøarbeidet, eller bli orientert om forhold som gjeld skulemiljøet.

Elevane ved skulen har rett til å bli involvert i planlegginga og gjennomføringa av det systematiske arbeidet for å sikre eit godt psykososialt miljø, jf. § 9a-5. Dette kan for eksempel vere deltaking når skulen lagar ordensreglement, gjennomføre enkle



målingar osv. Det er skuleleiinga sitt ansvar at elevane blir tatt med i skulemiljøarbeidet.

Elevrådet kan oppnemne skulemiljørepresentantar til å utføre skulemiljøarbeidet på sine vegne, jf. 9a-5 andre ledd.

Vidare har skulen plikt til å sørge for at elevråd og foreldreråd blir løpande orientert om alle forhold av vesentleg betydning for skulemiljøet, jf. § 9a-6. Kva for organ som er aktuelle, vil variere etter skuletype. Desse organa har også rett til å bli tatt med i planlegginga og gjennomføringa av miljøtiltak ved skulen så tidlig som muleg, jf. § 9a-6 andre ledd.

Dersom skulen blir klar over forhold ved det psykososiale skulemiljøet som kan ha negativ verknad for helse til elevane, har skulen plikt til å informere alle elevar og foreldra deira, jf. § 9a-6 tredje ledd.

### **3.3.2 Fylkesmannen sine undersøkingar og vurderingar**

#### ***Om plikta til å arbeide systematisk med medverknad informasjon og forvaltning***

Skolen har elevråd, foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU) og samarbeidsutval (SU). Samarbeidsutvalet skal også fungere som skulemiljøutval (SMU). Det er jamlege møter i elevråd og i FAU. Forhold knytt til elevenes trivsel og skulemiljø blir tatt opp.

Det er også tenkt at samarbeidsutvalet skal ha fleire planlagde møter i året. Skuleåret 2015-2016 har det vore eitt planlagd møte, og eitt møte i samband med ei konkret hending. Under tilsynet blei det nemnt at ein i møta sørgjer for at elevar og foreldre har fleirtal i SMU. Dette går også til dels fram av møtereferat. Det blei opplyst at det kan vere praktiske vanskeleg å få til rett samansetting, sidan det avhenger av kven som faktisk kjem til møta.

Elevrådet har ein kontaktlærer, som rettleiar elevane i noko av arbeidet. Lærer hjelper m.a. til med innkalling. Det går fram at det er kontakt mellom elevrådet, og klasserådene. Kvar klasse har ei loggbok, der referat frå elevrådsmøte samlast. I boka kan klassen gje innspel til saker som elevrådet kan ta opp.

Det er heller ikkje klart for Fylkesmannen om elevrådet har en rolle ved utforming/evaluering av skulen si eiga trivselsundersøking. På den andre sida har elevrådet vore med og drøfta innhaldet i ordensreglane, og kva konsekvensar som skal nyttast. Under tilsynet kom det fram at innspel frå elevrådet blir følgt opp.

Referat frå møte i alle utval viser at forhold knytt til elevenes trivsel og skulemiljø blir tatt opp. Ingen av utvala hadde likevel fått informasjon om resultat frå undersøkingar.

I merknader til førebels rapport, viste skulen til at FAU og SU har eigne permar og dokument, som «går i arv». Skulen legg til grunn at denne overføringa sikrar at dei tillitsvalde foreldre og elevar får den informasjonen dei treng. Når det gjeld innspel knytt til elevmiljøet, framhever skulen til at elevane og foreldre kan gje innspel og konkrete forslag til endringar. Desse blir ofte tekne omsyn til.



### **Fylkesmannen sine vurderingar**

Det kjem fram at ein ved Nordsmøla skole har oppretta relevante råd for brukarmedverknad. Elevrådet var aktivt, og det er lagt til rette for samspel mellom klassen og elevrådet. Det er også aktivitet i FAU. Dette er likevel mest retta inn mot konkret gjennomføring av tiltak for uteområdet. Det er liten, og ikkje jamleg, aktivitet i SU. SU fungerer som SMU, og skulen er medvitne om at det er ulik samansetting i desse to organa. Dette kom fram at dette kan vere utfordring pga. kor mange som møter, men Fylkesmannen legg til grunn at skulen har fokus på å vere i samsvar med lovkrava.

Ut frå tilsynet, finn Fylkesmannen det godtgjort at dei involverte har reell muligheit til å uttale seg i dei saker som blir lagt fram. Tilsynet viste t.d. at elevar og foreldre har medverka ved utforming av ordensreglar, og at handlingsplana var lagt fram for SU.

Referat viser at ein til ei viss grad tek opp skulemiljøspørsmål i ulike organ. Det er likevel ikkje informert om resultat frå elevundersøking eller trivselsundersøkingar. Skulen har ikkje rutinar for slik info. Gjennom tilsynet kom det fram at heller ikkje generell informasjon om undersøkingane ikkje var kome ut til involverte grupper.

Fylkesmannen har merka seg at skulen opplyser at rutinar for å lære opp ulike råd og utval er på plass. Gjennom dei andre delar av tilsynet, kom det likevel ikkje klart fram at dette var sett i verk i skulekvardagen. Det kan slik bli tilfeldig korleis råd og utval har kompetanse til å fylle rolla dei er gjevne. Fylkesmannen legg til grunn at skulen er innanfor lovkrava, men at ein som eit vekstpunkt i det vidare skulemiljøarbeidet kan ha fokus på opplæring av råd og utval. På den måten kan brukarane fylle den rolla som er tiltenkt gjennom regelverket.

### **3.3.3 Fylkesmannen sin konklusjon**

Nordsmøla skole har oppretta relevante råd og utval, og er innanfor lovkrava når det gjelder samansetting og aktivitet i utvala.

Fylkesmannen legg til grunn at skulen har eit vekstpunkt i at elevar, foreldre og tilsette i skulen blir informert om resultat frå undersøkingar. Vi meiner skulen også med fordel kan sørgje for ein meir aktiv tilnærming til opplæring av dei som tek del i rådsorgana.

## **4. Frist for retting av lovbrøt**

Fylkesmannen har i kapitla 3.1 til og med 3.2 konstatert lovbrøt. I denne rapporten får Smøla kommune frist til å rette lovbrøt, jf. kommunelova § 60 d.

Frist for retting er 25.02.2017. Kommunen må innan denne datoen sende Fylkesmannen ei erklæring om at dei ulovlege forholda er retta, og ei utgreiing om korleis lovbrota er retta.

Dersom lovbrota ikkje er retta innan den fastsette fristen, vil Fylkesmannen vedta pålegg om retting. Eit eventuelt pålegg om retting vil ha status som enkeltvedtak og kan klagast på, jf. forvaltningslova kapittel VI.



Følgjande pålegg er aktuelle å vedta etter utløpet av rettefristen i denne rapporten:

### **Elevane sitt psykososiale miljø: førebyggjande og individuelt retta arbeid**

#### Kontrollspørsmål 1.1, 1.2, 1.3, 1.4, 1.5, 1.6, 1.7:

Smøla kommune skal syte for at Nordsmøla skole jobbar aktivt, kontinuerleg og systematisk slik at elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø blir oppfylt, jf. oppl. §§ 9a-3 første ledd og 9a-4. Smøla kommune må i den samanhengen sjå til at:

- a) skuleleiinga sikrar at skulen har kjennskap til korleis elevane generelt opplever det psykososiale miljøet
- b) skulen set seg konkrete mål i arbeidet med å oppnå eit godt psykososialt miljø for elevane
- c) skuleleiinga sikrar at elevane blir gjort kjent med kva som er krenkjande ord og handlingar

#### Kontrollspørsmål 2.1, 2.2, 2.3, 2.4, 2.5, 2.6:

Smøla kommune skal syte for at alle tilsette ved skulen undersøker saka og varslar leiinga og sjølv grip inn om det er nødvendig og mogeleg, dersom de har mistanke om eller kjennskap til at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar, jf. opplæringslova §§ 9a-3 første og andre ledd og § 9a-4. Smøla kommune må i den samanhengen sjå til at:

- a) skuleleiinga sikrar at alle tilsette oppfyller plikta til å varsle leiinga om undersøking viser at ein elev er utsett for krenkjande ord eller handlingar

#### Kontrollspørsmål 2.7, 2.8, 2.9:

Smøla kommune skal syte for at skuleleiinga oppfyller den enkeltes rett til eit godt psykososialt miljø dersom dei blir varsla om at ein eller fleire elevars rett til eit godt psykososialt miljø ikkje er oppfylt, jf. opplæringslova §§ 9a-1, 9a-3 første og andre ledd og 9a-4. Smøla kommune må i den samanhengen sjå til at:

- a) skuleleiinga sikrar at skulen sett i verk tiltak for å ta i vare elevar sin rett til eit godt psykososialt miljø
- b) skuleleiinga sikrar at skulen justerer tiltak dersom dei ikkje fører til at eleven sin rett blir teken i vare

#### Kontrollspørsmål 3.1, 3.2:

Smøla kommune skal syte for at skuleleiinga evaluerer det samla arbeidet med førebyggjande tiltak og individuelt retta arbeid knytt til det psykososiale miljøet, jf. opplæringslova § 9a-3 første og andre ledd og 9a-4. Smøla kommune må i den samanhengen sjå til at skuleleiinga ved Nordsmøla skole sørgjer for å:

- a) evaluere det samla arbeidet med førebyggjande tiltak og individuelt retta arbeid knytt til det psykososiale miljøet



- b) gjere nødvendige endringar dersom evalueringa viser at skulen sitt samla arbeid på desse områda ikkje bidreg til at eleven sin rett til eit godt psykososialt miljø er oppfylt

### **Elevane sitt psykososiale miljø: forvaltning av retten til å be om tiltak**

#### Kontrollspørsmål 1.1, 1.2, 1.3, 1.10:

Smøla kommune skal sikre at skuleleiinga snarast mogleg behandlar oppmodingar om tiltak frå elevar eller foreldre som gjeld det psykososiale miljøet etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova, jf. §§ 9a-1, 9a-3 første og tredje ledd og 9a-4. Smøla kommune må i den samanhengen, ved Nordsmøla skole, sjå til at:

- a) skuleleiinga sikrar at alle dei tilsette kjenner til at foreldre og elevar om at dei kan be om tiltak som går på det psykososiale miljøet
- b) skuleleiinga sikrar at alle dei tilsette faktisk informerer foreldre og elevar om at dei kan be om tiltak som går på det psykososiale miljøet
- c) skuleleiinga fattar enkeltvedtak dersom foreldre eller elevar oppmodar om tiltak som går på det psykososiale miljøet
- d) skuleleiinga sikrar at skulen fattar enkeltvedtak med nye tiltak dersom tiltaka i det første enkeltvedtaket ikkje fører til at eleven sin rett til eit godt psykososialt miljø bli tatt i vare

#### Kontrollspørsmål: 1.4, 1.5, 1.6, 1.7, 1.8, 1.9:

Smøla kommune skal sikre at skuleleiinga følgjer saksbehandlingsreglane i forvaltningslova når dei gjer enkeltvedtak om tiltak som gjeld det psykososiale miljøet, jf. opplæringslova § 9a-3 tredje ledd jf. forvaltningslova §§ 23, 24, 25 og 27. Smøla kommune må i den samanhengen sjå til at det for enkeltvedtaka ved Nordsmøla skole om det psykososiale miljøet:

- a) blir opplyst om klagereglane i forvaltningslova (høve til å klage, klagefrist, klageinstans, og kvar klagen skal sendast)
- b) er informasjon om retten til å sjå dokumenta i saka

## **5. Kommunen sin frist til å rette**





































Som nemnt i kapittel 4 ovanfor, har kommunen fått ein frist for å rette dei ulovlege forholda som er konstatert i denne rapporten.

Frist for tilbakemelding er **25.02.2017**.

Kommunen har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.










## Vedlegg 1      Oversyn over innsend dokumentasjon

-  HMS\_plan\_Nordsmola\_skole\_2015-16\_ver...
-  Skolens plan nsm 2015-16
-  TA GREP hefte om Forventninger
-  Trivselsundersøkelse 1. - 4
-  Tipsplakat gangen
-  Forventninger 1 - 7. klasse Sluttprodukt 2...
-  Fau møte 15 09 2015
-  Møte FAU 9.9.15
-  Referat fra FAU 21 10 2015
-  Referat fra FAU 09 02 16
-  Mal\_enkeltvedtak\_kap\_9a
-  Referat fra elevrådsmøte 15 sept
-  Sosialpedagogisk plan 2015-2016
-  SU Møtebok NSM 30.9.2015
-  referat fra elevrådsmøte mars med tegning
-  TILSYNSLISTE 2015-2016
-  Nordsmøla skoles handlingsplan for trivs...
-  Vurderingsprosedyrer-Framdriftsplan
-  Fotballturnering 2016
-  Trivselsundersøkelse 2015 side 1
-  Trivselsfremmede tiltak Nordsmøla skol...
-  Trivselsundersøkelse 2015-side 2
-  Forslag ordensregler 2016-2017
-  Ordensregler Nordsmøla skole 2015-16
-  Forside personalhefte ved skolestart 2015...
-  Skolejoggen-Organisering av dagen 2015
-  SUreferatNSM150615
-  Instruks for sosiallærer ved Nordsmøla sk...
-  Melding\_om\_rett\_til\_aa\_klage\_paa\_forval...
-  Referat fra elevrådsmøte 13 april
-  Referat fra elevrådsmøte 18 jan
-  Referat1 fra elevrådsmøte 16 mars
-  Referat fra elevrådsmøte 16 mars
-  Referat fra elevrådsmøte 16 nov
-  Referat fra elevrådsmøte 3 sept 2015
-  Referat fra elevrådsmøte 1 okt



**FYLKESMANNEN I  
MØRE OG ROMSDAL**

-  Utviklingssamtalen med eleven om anne...
-  Årsplan sosiale mål 2016 - 2017
-  Vurderingssamtaleark som skal hjem
-  Eksempel på PROGRAM FOR SAMLINGE...
-  Utviklingssamtalen med eleven om fagli...
-  Kriterier for hvordan elevene skal ta buss...
-  Konsekvenser ved uønsket adferd Nords...



FYLKESMANNEN I  
MØRE OG ROMSDAL

## **Vedlegg 2      Oversyn over dei som er intervjua**

Gunnar Nordheim,	assistent
Tove Anita Lervik,	assistent
Ester Eines,	lærer
Ingunn Hjer krem	lærer
Ingrid Dyrnes	lærer
Margareth Holm	avdelingsleder, sosiallærer
Alf Jostein Holmen	tidl. rektor

I tillegg har Fylkesmannen snakka med representantar for elevane og foreldra.